

SOLHEIM GREINDAHUS  
Kalhovda 75  
5983 HOGSVÆR

Att: Kjartan Sandnes.

HAFS Elektro & Rør AS  
Sognefjordvegen 444  
5961 Brekke  
Tlf: 57 78 89 00  
[post@hafs-elektro.no](mailto:post@hafs-elektro.no)  
[www.hafs-elektro.no](http://www.hafs-elektro.no)  
Org. nr.: NO 934 466 152

torsdag 7. april 2022

## Prisoverslag el ombygging, gang, wc og vaskerom.

Syner til Dykkar førespurnad, og har med dette gleda av å kome med fylgjande tilbod:

Pos	Nemning	Pris eks mva	Pris ink mva
1	Prisoverslag	kr 77 000	kr 96 250
2			kr 0
3			kr 0
	<b>Sum</b>	<b>kr 77 000</b>	<b>kr 96 250</b>

### OPSJONAR

Pos	Nemning	Pris eks mva	Pris ink mva
1			kr 0
2			kr 0
3			kr 0

Prisoverslaget er basert på prisar per torsdag 7. april 2022. Regulering av kontraktssum etter NS 3405 pkt. 4.1 ved overleverings-tidspunktet på grunn av endringar i løn, materialkostnader, sosiale utgifter mm.

Me håpar at prisoverslaget er av interesse. Ta gjerne kontakt om du har spørsmål.

Med venleg helsing  
HAFS Elektro & Rør AS

Sven Erik Håland

sv.en.rik@hafs-elektro.no  
Mobil: 97037571

Vedlegg: Spesifikasjon av montasjen.



## Spesifikasjon elektro

### Jording

Nytte eksisterende jording.

### Wc –er.

Rive eksisterende el-anlegg.

Montere skjult el-anlegg

1 stk ny 15 A jordfeilautomat i sikringskap gang.

2 brytere

6 takpunkt

6 taklamper i led Pan 12w

2 termostater for varmekabel

2 stk varmekabler

1 stk utekontakt 16A plassert utanfor Wc.

### Gang

Rive eksisterende el-anlegg i tak.

Montere rør og boks for spotter.

15 stk Sg Uniled IsoSafe kvite spotter ( ikkje kasser.)

1 stk dimmer for spotter

2 stk av/på brytere for spotter.

2 stk taklamper led i ytter gang.

1 stk Nødutgangsllys over inngangsdør.

Installasjon på vegger blir som før, bortsett frå yttervegg som skal rivast.

4 nye kontakter yttervegg.

2 nye 16 A jordfeilautomater i sikringskap i gang.

1 stk framlegg til evt varmpumpe frå kurs til nye kontakter i yttervegg.

### Vaskerom v Kjøkken.

1 stk 16 A jordfeilautomat i sikringskap v kjøkken.

Framlegg til moppevaskemaskin.

Ekstraarbeid kan me gi fastpris på, eller utføre etter medgått tid.



## Generelt

### Kvalitet

HAFS Elektro & Rør AS er sertifisert i samsvar med ISO 9001:2015 kvalitetsstyringssystemet. Prosessane og rutinane til bedrifta er grundig gjennomgått og godkjent av ein uavhengig tredjepart. Dette sikrar at me leverer ei påliteleg, framtidretta og konkurransedyktig løysing til deg som kunde.

### Miljø

HAFS Elektro & Rør AS sitt styringssystem for miljø er sertifisert i samsvar med ISO standard 14001:2015. Det inneber at me arbeider systematisk og langsiktig med dei miljøaspekt som me kan påverke gjennom våre aktivitetar, som sortering av avfall, sikre rett behandling av farleg avfall, innkjøp, energibruk og reduksjon av utslepp frå bilparken vår.

### Leveringsomfang:

Materiellet er ferdig levert og montert på byggeplass.

Me forutset at utstyr og rør kan monterast rasjonelt.

På TEK 10/17 bygg må tak være lekta ned med minimum 48 mm leker.

Bygningsmessig arbeid er ikkje inkludert.

### Framdrift- og betalingsplan

Prisane er basert på rasjonell framdrift, samt brøyta framkomstveg med bil.

Vår framdrift vil følge framdrift til betongentreprenør og tømrar.

Betaling blir i samsvar med tilført verdi av materiell og arbeid.

### Garanti og reklamasjon

På elektroarbeidet tilbyr me ein utvida 5 års Elfag-garanti:

### Elfag sin 5-årsgaranti har mange fordeler

Med Elfags 5-årsgaranti garanterer me for kvaliteten av arbeidet vårt, material og utstyr. Me utbetrar alle manglar som blir meldt innan 5 år etter at tenesta blei levert. Utberinga blir utført vederlagsfritt.

### Dette er Elfag sin 5-årsgaranti til sluttkunde

- Garantien gjeld dei produkt og arbeid som HAFS Elektro & Rør AS har levert og som er omfatta av avtalen mellom deg og HAFS Elektro & Rør AS. Garantien gjeld også reparasjonsarbeider dersom ein mangel skulle oppstå.
- Garantien omfattar ikkje følgjeskadar.
- Garantien gjeld utelukkande ved retting eller omlevering. Ved krav om erstatning, prisavslag eller andre misligholdbeføyelser gjeld lovens eller avtalens alminnelige regler
- Garantien gjelder ikkje dersom det er klart at leveransen er skada som følge av feil bruk eller ytre påverknad (inkl. vasskader, følge av feil ved eksisterande installasjonar, etc.).
- Garantien gjeld ikkje forbruksartiklar, inkl lyskjelder og tilsvarande produkt.
- Garantien stilles av HAFS Elektro & Rør AS, som ein del av kontrakten. Elfag-kjeden kan derimot ikkje haldast ansvarleg dersom garantien ikkje stilles.
- Krav under garantien må rettes direkte til HAFS Elektro & Rør AS. Merk at Elfag-kjeden eller øvrige medlemsbedrifter ikkje kan stilles ansvarlig for andre sine garantikrav.





## LEVERINGSVILKÅR FOR HAFS ELEKTRO & RØR AS

### 1. Innleiing

Vilkår gjeld forbrukarkjøp i samsvar med [forbrukerkjøpsloven §1](#) og/eller oppdrag til forbruker etter [håndverkertjenesteloven §1](#) og/eller [bustadoppføringslova §1](#). Alminnelige kontraktbetingelser for levering og montering av elektrisk og maskinelt utstyr (AKB/1988) er lagt til grunn for drift og handel i HAFS Elektro & Rør AS.

### 2. Definisjonar

Leverandør: HAFS Elektro & Rør AS, org.nr.: 934466152  
Forbrukar: Den som kjøper tenester og varer frå leverandør  
Parter: Leverandør og forbrukar  
Teneste: Utføring av arbeid ved installering av utstyr og materell  
Varer: Utstyr og materiell som seljast frå eller via leverandør  
Leveranse: Utføring av tenester og/eller levering av varer

### 3. Avtaleforhold

Leveringsvilkår er ein del av avtaleforholdet mellom partane, og vil gjelde fullt ut med mindre avvik er skriftleg avtalt eller anna fylgjer av ufråvikelege reglar etter forbrukerkjøpslova, handverkstjenestelova eller bustadoppføringslova.

### 4. Pris

Om ikkje pris er særskild avtalt for kvart sal eller oppdrag vil forbruker verte fakturert på grunnlag av gjeldande avtale/pris for varer og tenester på leveringstidspunktet. Tenester fakturerast på grunnlag av medgått tid etter gjeldande satsar. Eventuelle utlegg og godtgjering kjem i tillegg. Samtlege prisar er eksklusiv mva, den vil fakturerast etter gjeldande sats, med mindre det ligg ein skriftleg avtale om at meirverdiavgift er inklusiv.

### 5. Betalingsvilkår

Betalingsfrist er 10 dagar frå påkrav om betaling er sendt. Akonto faktura i samsvar med tilført verdi av materiell og arbeid. Påkrav vert sendt kjøpar i samsvar med tilført verdi av materiell og arbeid. Ved forseinka betaling kan leverandøren krevje rente etter lov om renter ved forseinka betaling. Renta går frå forfallsdag. Påkrav kan sendast ved bruk av elektronisk kommunikasjon. Om oppgjeret skal fakturerast etter levering av varer og/eller tenester, har leverandøren rett til å krevje sikkerheit for oppgjeret. Eventuelle reklamasjonar for ikkje vesentlige manglar fritar ikkje kjøparen/forbrukar for betalingsplikt. Kjøper kan ikkje motregne med omtvista motkrav knytt til same eller andre leveransar. Om oppgjeret ved sal av varer skal finne stad ved utsteding av faktura, kan leverandøren krevje fakturagebyr.

### 6. Salspant

Leverandøren har salspant i leverte varer inntil heile kjøpesummen er betalt fullt ut med de ufråvikelege avgrensingar som måtte fylgje av pantelova.

### 7. Levering av varer

Varer som skal sendast til kjøpar, sjåast på som levert når leverandøren har sendt varen eller levert den til fraktførar. Varer som kjøpar skal hente hos Leverandør, sjåast på som levert når leverandøren har skilt ut og klargjort varen for henting. Varer som leverandøren skal bringe til kjøpar, sjåast på som levert når varen er levert på kjøpars angitt leveringsadresse. Det same gjeld varer leverandøren skal montere. Når varen er levert i samsvar med over nemnte, har risikoen for varen gått over på kjøpar. Leverandøren er likevel ansvarleg for skader på varen som oppstår under leverandøren si avtalte montering / installering av varen, og som skuldast leverandøren si aktløyse.

### 8. Tenester

Leverandøren skal starte monteringsarbeidet til avtalt tid, så fram leverandøren får tilgang til monteringsstaden til avtalt tid eller i avtalte periode, og kjøpar har lagt til rette for at monteringsarbeidet kan settast i gang og gjennomførast utan at arbeidet vert forsinka.

### 9. Reklamasjon

Forbrukaren må gje melding til leverandøren om eventuelle manglar ved leveransen innan rimelig tid. Om ei slik melding (reklamasjon) ikkje registrerast seinast innan to månader etter at forbrukaren oppdaga mangelen eller burde ha oppdaga den, kan forbrukaren ikkje påberope mangelen og gjere den gjeldande. Forbrukaren plikter å legge til rette for at reklamasjonsarbeider kan utbetrast rasjonelt og utan unødig opphald. Dessutan gjeld dei absolutte reklamasjonsfristene etter forbrukerkjøpslova § 27, bustadoppføringslovas § 30 og håndverkertjenestelova § 22.

### 10. Ansvar for skade på anna enn leveranse

Leverandør har ikkje ansvar for skade eller tap voldt av leveransen på andre ting eller eigedom etter levering, med mindre leverandøren har utvist grov aktløyse. Leverandøren sitt erstatningsansvar er under ei kvar omstende avgrensa til 10 gangar verdien av kontrakten. Kunden er ansvarleg for tilgang til arbeidsstad, leverandøren tek ikkje på seg ansvar for økonomisk tap for fylgjeskader om nøklar eller tilsvarande kjem bort. Ved bruk av systemnøklar anbefaler leverandør kunden om å sjølv å handtere nøklar eller teikne forsikring mot tap av slike nøklar.

### 11. Force majeure (fritaksårsaker)

Fylgjande omstende skal vurderast som force majeure, om det inntreff etter avtalen er inngått og hindrar at avtalen vert oppfylt: krig, opprør eller indre uro, slutning av offentlig myndighet, naturkatastrofe, brot i den offentlege kraftforsyning eller i den alminnelige samferdsel, betydningsfull arbeidskonflikt eller brann eller anna omstende av liknande karakter og inngripande tyding. Leverandøren har rett til å krevje at den leveringstid som er satt i kontrakten blir forlengd tilsvarande det tidsrom som arbeidet måtte verte forseinka ved force majeure så vel i egen bedrift som hos underleverandørar. Leverandøren skal straks slik forseinking som nemnd ovanfor inntreff eller så snart han blir klar over at forseinking vil kunne inntreffe, gje skriftleg melding om dette med dei nødvendige opplysningar.

